



Brannvernet ved avdelingsleiar for førebyggjande Øyvind Ousdal er imponert over brannvernarbeidet som gjerast i Systrene Nilsen. Det skriv han i rapporten etter tilsynet som nyleg er halde. Geir Harald Nilsen og Karoline Neset var med for verksemda.

Ousdal sleg fast at verksemda har utarbeida gode organisatoriske brannverntiltak og har stetta krava til den naudsynte branttekniske dokumentasjonen. Eigaren later til å vera svært oppteken av tryggleiken i og omkring bygget

Til dømes har ein planar om å gjera ei risikovurdering i lag med eigarar av området rundt bygget og båthamna for å avdekka risikomoment og det visar at ein jobbar med å gjera tryggleiken på området best mogeleg, skriv Ousdal.

Under tilsynet vart det slege fast at tidlegare påpeika avvik alle var utbetra og det vart jobba med revidering av brannteikningar

Eit avvik vart påpeika, at dører i rømningsveg ikkje sikra behovet for rask og sikker rømming. Ved rømming skal ei stengd dør kunne opnast lett utan bruk av nøkkl og dørbeslaget skal sikra enkel rømming. Det er i dag rutinar som seier at rømningsdørar skal vera opplåste under opningstida, men dette stettar ikkje kravet til rømningsdør og må sjåast som ei midlertidig løysing.

Under tilsynet vart det funne eit rom utan brannalarm og det bør undersøkjast om det skulle ha vore detektor der.

Av Ola Matti Mathisen